



## MØTEINNKALLING

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 16.03.2017  
**Møtetid:** 16:00 -  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no) ), som vil kalla inn varamedlem.

ordfører

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
006/17	17/404	Faste saker	
007/17	16/737	Klage på vedtak - Skjenkeløyve alkoholhaldig drykk - RS Sikkerhet AS i lokale Varmestova til Eikedalen skisenter AS	
008/17	16/259	Veg til Hagabotnane	
009/17	17/259	Overføring av restmidlar på investeringsprosjekt frå 2016 til 2017.	
010/17	17/391	Endring tidsplan for finansiering - Rassikring veg Totræna	
011/17	15/867	Avvikling av styringsgruppe for budsjett og økonomiplan 2017-20	
012/17	15/863	Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2016	
013/17	16/1019	Konstituering i stilling som rådmann	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>



## SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 17/404	Løpenr: 17/3237
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	16.03.2017	006/17	MS

### FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>

### Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Arkivsak	Dok.dato	Dok.type	Avs./mott.	Tittel/innhald
16/285	31.01.2017	I	Tysnes kommune	Kopi: Tilskot til dyrlækjartenester 2017
11/507	17.02.2017	I	Statens vegvesen	Vedtak om service- og visningsskilt - Fv 7 - Bjørkheim - Samnanger kommune

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Marianne Soleng	<b>Arkivkode:</b> FA-U63
<b>Arkivsaksnr:</b> 16/737	<b>Løpenr:</b> 17/1851
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	23.02.2017	010/17	MS
Kommunestyret	16.03.2017	007/17	MS

### KLAGE PÅ VEDTAK - SKJENKELØYVE ALKOHOLHALDIG DRYKK - RS SIKKERHET AS I LOKALE VARMESTOVA TIL EIKEDALEN SKISENTER AS

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

#### 23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp): Sette fram framlegg om å sende saka over til kommunestyret utan tilråding. Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### FORM-010/17 VEDTAK:

Saka vert send til kommunestyret utan tilråding.

#### Dokument som er vedlagt:

Klage på mottatt skjenkeløyve

Skjenkebevilling EIKEDALEN..docx

Vedtak KS 103/16 - Skjenkeløyve alkoholhaldig drykk - RS Sikkerhet AS i lokala til Eikedalen skisenter AS

## **Dokument som ikkje er vedlagt:**

Alkoholloven med forskrifter

Søknad om skjenkeløyve

---

## **Kva saka gjeld:**

Samnanger kommune mottok søknad om skjenkeløyve for alkoholhaldig drykk frå RS Sikkerhet AS den 12.september 2016. Saka var oppe til handsaming i kommunestyremøte 15. desember 2016. Melding om politisk vedtak (KS 103/16) vart sendt til søkjar 28.desember 2016 med opplysningar om klagerett.

Den 17.januar 2017 mottok Samnanger kommune klage på vedtak i sak KS 103/16 frå RS Sikkerhet AS. Klagen er sendt til kommunen innan fristen på tre veker etter at melding om vedtak er motteken av søkjar.

## **Vurderingar og konsekvensar:**

RS Sikkerhet AS klagar på følgjande vedtak:

### **KS 103/16:**

*«RS Sikkerhet AS (org.nr: 998 752 388) får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til skjenking av alkoholhaldig drykk (gruppe 1,2 og 3 jf. Alkoholforskriften §1-1) i Eikedalen skisenter AS(org.nr: 931 921 568) sitt lokale «Varmestova» på fredagar og laurdagar frå kl.15:00 – 24:00. Skjenkeløyvet vert gjeve med ei prøveordning på eitt år.»*

Søkjar har i hovudsak klaga på skjenketida som er gjeve i løyvet.

RS Sikkerhet AS skriv at om verksemda skal vera berekraftig, er det viktig at alkoholserveringa opnar kl.12:00.

Eit løyve som berre gjeld fredagar og laurdagar kan skapa utfordringar i vinterferie og påskeferie heiter det seg i skrivet frå RS Sikkerhet AS. Det er difor eit ønskje frå søkjar om å ha eit skjenkeløyve som gjeld alle dagar desse vekene.

I tillegg kjem det fram i skrivet at det er ønskjeleg at løyvet også skal gjelda for eit avgrensa uteareal. Dette vart ikkje omtala i søknaden som vart handsama av kommunestyret i desembermøte i 2016.

Søkjar skriv vidare at om lag 90% av gjestane vel å sitja ute i tidsrommet 12:00 til 17:00 på «Afterski». Dei understrekar at dei vil ha autoriserte vaktar til stades under heile skjenketida.

Skal ein gje skjenkeløyve på eit uteareal er det viktig at arealet er fysisk avgrensa slik at besøkjande ikkje kan ta seg inn eller ut av området utan å gå gjennom skjenkelokalet. Det er kommunen som godkjenne dette uteområdet.

Det bør i tillegg vurderast om det skal setjast aldersgrense for besøkjande i skjenkelokalet eventuelt med eit tilhøyrande uteområdet.

Om kommunestyret vel å oppretthalda vedtaket i saka, vert klagen vidare sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjersle.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Hilde-Lill Våge	<b>Arkivkode:</b> FA-Q10
<b>Arkivsaksnr:</b> 16/259	<b>Løpenr:</b> 17/1849
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	21.02.2017	006/17	HLV
Kommunestyret	16.03.2017	008/17	HLV

### VEG TIL HAGABOTNANE

### TRAFIKKSIKRINGSTILTAK AV EKSISTERANDE VEG OG NY TRASE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vegen opp Hagabakkane til Hagabotnane, frå kyrkja til idrettsanlegget, vert utbetra med trafikkisikringstiltak. Det bør ikkje verta lagt til rette for auka trafikk gjennom bustadområdet og vegen får 30-sone. Vegen vert einvegskøyrte for personbilar frå siste avkøyring/bustadhus og opp til Hagabotnane.

Krysset på Tveit vert utvida slik at krysset fungerer som trafikkisikker avkøyring/påkøyring til fylkesveg – Kvitingsvegen.

For bussar og større bilar vil dette vera hovudvegen til idrettsanlegget og verta skilta.

Det vert etablert ein turveg frå idrettsanlegget i Hagabotnane til Gjerde.

Tiltaka vert gjennomført med tidlegare avsette midlar til Hagabotnane på inntil 2 millionar kroner. Finansieringa vert frå næringsfondet med kr. 589.000 og inntil kr. 1.411.000 frå investeringsfondet.

Samnanger kommune omtaler i arealdelen til kommuneplanen at det er trong for *ny veg* til Hagabotnane og gjer eit forstudium med ulike traseval når kommuneplanen er vedteken.

## **21.02.2017 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet: Vidar Tveiterås (Ap) sette frem følgjande framlegg:

» I framlegget til vedtak frå rådmannen er kostnad med trafikksikring av eksisterande veg ikkje vurdert, heller ikkje kostnad for ny GS-tilkomst (turveg) til idrettsanlegget.

Det er ikkje vurdert teknisk løysing, eller kostnad ved utbygging av kryss mellom Fv134 og Kv16 på Langeland.

Dette vil vere enten eit kosnadskrevjande tiltak om det skal utførast der krysset er i dag, og skal kryssing skje annan stad vil ny veg måtte byggjast til aktuelt punkt, med tilhøyrande byggekostnader.

Risikovurdering ved å endra trafikkmønsteret er ikkje føretatt - mellom anna kva auka trafikk over Tveit, Langeland og Totland vil bety. Her er mange stader hus kloss i vegen, folk lever like tett på trafikken som på Haga, og farten er høgare.

Auka trafikk over Tveitamyrane vil gå midt gjennom den mest konsentrerte hjortestamma i bygda, og vil uroe dyra som beitar innmed vegen.

I saksutgreiinga er "snuplassen i nærleiken av avkjøringa" nemnt. Dette er ingen snuplass, i den forstand ein buss- snuplass skal forståast. Store bussar må rygge inn i ein privat veg for å snu, og staden er eit vegkryss mellom ein privat veg - Pv1041 og Fv134.

Alt i alt er saka for dårleg belyst til at så mykje pengar(?) skal brukast, når ein ikkje sikkert veit om dagens veg skal brukast vidare eller ikkje.»

Det vart røysta over framlegget til rådmannen og framlegget til Tveitarås (Ap). Tveitarås sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **NAT-006/17 VEDTAK:**

I framlegget til vedtak frå rådmannen er kostnad med trafikksikring av eksisterande veg ikkje vurdert, heller ikkje kostnad for ny GS-tilkomst (turveg) til idrettsanlegget.

Det er ikkje vurdert teknisk løysing, eller kostnad ved utbygging av kryss mellom Fv134 og Kv16 på Langeland.

Dette vil vere enten eit kosnadskrevjande tiltak om det skal utførast der krysset er i dag, og skal kryssing skje annan stad vil ny veg måtte byggjast til aktuelt punkt, med tilhøyrande byggekostnader.

Risikovurdering ved å endra trafikkmønsteret er ikkje føretatt - mellom anna kva auka trafikk over Tveit, Langeland og Totland vil bety. Her er mange stader hus kloss i vegen, folk lever like tett på trafikken som på Haga, og farten er høgare.

Auka trafikk over Tveitamyrane vil gå midt gjennom den mest konsentrerte hjortestamma i bygda, og vil uroe dyra som beitar innmed vegen.

I saksutgreiinga er "snuplassen i nærleiken av avkjøringa" nemnt. Dette er ingen snuplass, i den forstand ein buss- snuplass skal forståast. Store bussar må rygge inn i ein privat veg for å snu, og staden er eit vegkryss mellom ein privat veg - Pv1041 og Fv134.

Alt i alt er saka for dårleg belyst til at så mykje pengar(?) skal brukast, når ein ikkje sikkert veit om dagens veg skal brukast vidare eller ikkje.





---

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Utkast til TS-plan.

---

**Kva saka gjeld:** Veg til Hagabotnane. Trafikksikringstiltak av eksisterande veg og ny trase.

**Bakgrunn for saka:** Vegen til Hagabotnane har vore opp til politisk og administrativ drøfting i fleire møte. Det vart i KS sak 15/12 sett av 2 millionar kroner på fondet - Sima Samnanger, til utbetring av vegen. I KS sak 28/14 var saka oppe på nytt og kr. 589.000 av finansieringa vart flytta til næringsfondet frå fondet.

Kommunestyret gjorde i sak 16/15 den 17.06.15, følgjande vedtak:

*« .....dei avsette midla til ny veg til Hagabotnane vert nytta til oppgradering av Hagabakkane i staden for å byggja ny veg. Administrasjonen lagar eit prosjekt for tiltaket med teknisk og økonomisk overslag. Dersom dei avsette midla ikkje strekk til, vert det lagt til grunn å låna pengar for å fullfinansiera oppgraderinga .....»*

I økonomiplan for 2017-2020, den 15.12.16, gjorde kommunestyret følgjande vedtak KS 100/16:  
*« Det vart i kommunestyret 17. juni 2015 sett av midlar frå Samnanger-Sima-fondet til oppgradering av Hagabakkane, og administrasjonen vart bede om laga eit prosjekt for tiltaket med teknisk og økonomisk overslag. Kommunestyret ynskjer fortgang i dette arbeide og ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret i løpet av vårhalvåret 2017.»*

I ettertid har det òg kome inn forslag og interpellasjonar på ulike nye trasear opp til idrettsanlegget. Rådmannen svara Odd Arne Haga ,23.06.2016, følgjande på interpellasjon om veg til Hagabotnane;  
*«Me er vel alle samde i at vegen til idrettsanlegget i Hagabotnane ikkje har ein ønskja standard. Kommunen v. administrasjonen har til vurdering ulike vegløysingar til idrettsanlegget. Her har Odd Arne Haga (Frp) spelt inn eit alternativ som vert sett på. I tillegg vert opprusting av eksisterande veg vurdert. Frå tidlegare har me eit innspel om eit av alternativa som går frå Bøen. Utgreiingar knytt til dei ulike alternativ vert som tidlegare varsla planlagt lagt fram for kommunestyret hausten 2016. Alle traseane har utfordringar, for dei to nye vegane er det m.a utfordringar i høve til arealplanen. Som kjend er arbeidet med rullering av arealplan under arbeid. Ein evt. ny trase må innarbeidast i denne.»*

**Fakta:****Eksisterande veg**

Samnanger kommune arbeidar no med trafikksikringsplanen (TS-plan) der ei rekkje tiltak på eksisterande veg til Hagabotnane vert utgreidd og forslått prioritert dei neste åra. Dette arbeidet går parallelt med kommuneplanen, og TS-planen vil verta ein temaplan til arealplanen. Framdrifta på TS-planen er å handsama den i naturutvalet og leggja den ut på høyring seinast til møtet i april, med endeleg handsaming i kommunestyret i junimøtet. Økonomiplanen bør ta opp i seg dei vedtekne tiltaka i TS-planen om dei skal verta realisert.

På bakgrunn av vedtaket i økonomiplanen vert vegen til Hagabotnane lagt fram som eiga politisk sak, først i naturutvalet som er kommunen sitt faste utval for plansaker og trafikksikring, dernest til kommunestyret. Kommunestyret må òg vedta finansiering av tiltaka som evt. vert valt.

### Ny trase

Det er mogleg å leggja inn areal til ny trase for veg til Hagabotnane i kommuneplanen sin arealdel, men nytten av å gjera det vert svært liten. Det er ikkje mogleg å starta vegbygginga med berre vedtak i kommuneplanen. Dette fordi traseen må regulerast. Det einaste me oppnår med å leggja inn arealbruken i kommuneplanen, er at me kan risikera å "låsa" eit alternativ som det kan vera høg risiko med og som er lite økonomisk. Administrasjonen tilrår difor at me set i gang et forstudium på val av trase, siler bort dårlege alternativ og starter regulering av det beste alternativet. I tillegg kan me i arealdelen omtala at det er trong for ny veg. Dette vil vera tilstrekkeleg for å starta rett på reguleringsarbeidet. Me forslår å starta dette arbeidet etter at kommuneplanen er endeleg vedteken. Det kan då vera kapasitet i planavdelinga til eit forstudium med ulike traseval og til å gjennomføra reguleringsarbeidet.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Det er sett av til saman 2 millionar kroner. 1.411 millionar er på fond –Sima Samnanger og 589.000 kroner på næringsfondet. Sidan det er vedteke å låna og omdisponera frå fondet, er det derfor berre 589.000 kroner det som står igjen på næringsfondet som er disponibelt til veginvesteringa. Dersom tiltaket skal skje i 2017, kan ei løysing vera å anten bruka av nytt investeringsfond eller låna av investeringsfondet.

For å få ei best mogleg vegløyning til Hagabotnane har me vurdert tiltaka ut frå trafikksikring, bumiljø, klima og folkehelse. Det er òg gjennomført ei undersøking – *Barnetråkk*. Barn og unge i Samnanger har der svart på kor dei har gode opplevingar og kor dei opplever seg utrygge. Undersøkinga viser at dei har gode opplevingar i idrettsanlegget, men opplever vegen opp som svært utrygg.

Tiltaka som vert føreslått nedanfor kan verta gjennomført innanfor 2 millionar kroner. Det er mogleg å søkja tilskot til turveggar.

	P r i o r i t e r t e  t i l t a k  2 0 1 7 -
--	--


2  
0  
2  
1

Tiltak

Innspel nr x	Trafikksikringstiltak i <b>Hagabakkane</b> – frå kyrkja til idrettsanlegget i Hagabotnane Kommunen er vegansvarleg	Kostnad Mill kr	Prioritet
--------------	---	-----------------	-----------

**Status**

: Opp Hagabakkanne er vegen smal med dårleg sikra vegkantar. Bussar kjem ikkje opp grunna skarpe svinga



r. Det manglar rekkverk og grøfter fleire stader. Farleg for mjuke trafikantar. I første del av vegen er det fleire bustadhus som nyttar vegen.

**Forslag til tiltak:**

- U  
t  
b  
e  
d  
r  
i  
n  
g  
e  
r  
  
a  
v  
  
v  
e

g

t  
i  
l

H  
a  
g  
a  
b  
o  
t  
n  
a  
n  
e  
:

Trafikksikra vegen med rekkverk, grøftereinsk, fjellreinsk og reasfaltere. Vegstrekningen bør ha 30-km-sone og det bør ikkje verta lagt til rette for auka trafikk gjennom bustadområdet. Vegen bør vera einvegskøyrte for personbilar frå siste avkøyring/bustadhus og opp mot Hagabotnane. Vegen bør ikkje vera open for større bilar. Tiltaket føresett nedkøyring om Tveit. Det vert òg føreslått nytt tiltak med gangsti frå idrettsanlegget til Gjerde.

Det er òg vurdert trafikklys, men vegen er for smal til å ta unna lyskø på 2-4 bilar.

Det vert ikkje tilrådd utviding av vegen. Dette vil føra til inngrep i hagar og ein auka trafikkbelastning gjennom bustadområdet. Det vert òg ei utfordring å sikra tryggleiken for særskilt barn og unge som opplever vegen som spesielt utrygg (barnetrygg).



				P r i o r i t e r t e  t i l t a k  2 0 1 7 - 2 0 2 1
				<b>Tiltak</b>
Innspe l n r x		Trafikksikringstiltak – frå idrettsanlegget til krysset på Tveit : Kommunen er vegansvarleg	Kostnad Mill kr	Priorit et

**Status:**

Krysset på Tveit er eit kryss kor det ikkje er nok svingra dius verken for person bilar eller bussar. I dag må ein rygga eller bruka av snuplassen i nærleiken i denne avkøyringa.

**Forslag til tiltak:**

- Utbedringar av veg frå Hagabotnane til krysset på Tveit:

Krysset vert utvida slik at det fungerer som trafiksikker avkøyring/påkøyring til fylkesveg – Kvitingsvegen. Vegen vil då òg kunne fungera som god nedkøyringsveg frå Hagabotnane. For bussar og større bilar vil dette vera hovudvegen til idretts



anlegg  
et og  
verta  
skilta.  
For  
fastbu  
ande  
mello  
m  
Hagab  
otnane  
og  
Tveit  
vil dei  
få auka  
trafikkt  
rygglei  
k med  
denne  
løysing  
a, sjølv  
om dei  
får ei  
avgren  
sing  
med  
einveg  
skøyri  
g i  
Hagab  
akkane  
.



Prioriterte tiltak 2017-  
2021  
Tiltak

Innspel nr

X

**Turveg; Gjerdsvegen - Hagabotnane:**

Byggja lyssett tursti med fast dekke og lyspunkt mellom Gjerdsvegen og Hagabotnane/ idrettsan

**Tiltak turveg:**

Ein turveg mellom desse to viktige målpunkta i kvardagen vil kunne føra til redusert lokal bilbruk og at idrettsanlegget kjem «nærmare» dei store bustadfelta.

Samnanger barneskule kan nytta seg av idrettsanlegget i skuletida. Ein sykkelstur frå barneskulen til idrettsanlegget vil ta ca. 5-10 minuttar i trygge omgjevnader.

Dette vil òg kunne gje stor meirverdi i forhold nærmiljøkvalitetar og folkehelse.

Turvegen vil kunna bli attraktiv, sosial, opplevingsrik og gje ein fysisk helsegevinst.

Turstien bør derfor ha lyspunkt og byggjast med fast dekke.

Klimatiltak: Auka bruk av gang- og sykkelvegar er viktige tiltak- som i tillegg til å vera gode klimatiltak også fremjar trafikksikringa i kommunen ved at ein reduserer lokaltrafikken vesentleg. Turvegen vert i denne samanheng svært viktig for redusert lokal bilbruk. Barnetråkkanalysen som er utført av elevar på Samnanger ungdomskule viser at dagens bilveg opp til Hagabotnane idrettsanlegg er opplevd som svært utrygg.

Folkehelsetiltak: Kortare avstand gjer at bruken vert meir tilgjengeleg.

Eigenaktivitetsnivået kan aukast og føra til mindre bruk og behov for foreldrekøyring.

Oppleving av tryggleik er svært viktig for barn og unge.







## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Nina Erdal	<b>Arkivkode:</b> FE-200, TI-&14
<b>Arkivsaksnr:</b> 17/259	<b>Løpenr:</b> 17/2004
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	23.02.2017	009/17	NE
Kommunestyret	16.03.2017	009/17	NE

### OVERFØRING AV RESTMIDLAR PÅ INVESTERINGSPROSJEKT FRÅ 2016 TIL 2017.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det er to investeringsprosjekt som starta opp i 2016 og som vil bli avslutta i 2017. Begge prosjekta er budsjetterte med alle utgifter og finansiering i 2016. Unyttta midlar vert overførte til 2017.

Prosjekta det gjeld er :

- VVA og park på Bjørkheim:
  - Sum unyttta midlar pr 31.12.16 til veg, park, vatn og avløp kr 5 173 302
  - Finansiering , nytt ubunde investeringsfond kr - 480 000
  - Finansiering, momskompensasjon veg og park kr - 677 000
  - Finansiering lånemidlar tatt opp tidlegare kr -4 018 302
  
- Krøllgrasbane i Hagabotnane:
  - Sum unyttta midlar pr 31.12.16 kr 5 546 870
  - Finansiering , tilskot frå private kr - 100 000
  - Finansiering, nytt ubunde investeringsfond kr - 2 584 212
  - Finansiering, Sima – Samnanger fond kr - 1 752 158
  - Finansiering , momskompensasjon kr - 1 110 500

#### 23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### FORM-009/17 VEDTAK:

Det er to investeringsprosjekt som starta opp i 2016 og som vil bli avslutta i 2017. Begge prosjekta er budsjetterte med alle utgifter og finansiering i 2016. Unyttta midlar vert overførte til 2017.

Prosjekta det gjeld er :

- VVA og park på Bjørkheim:  
 Sum unyttta midlar pr. 31.12.16 til veg, park, vatn og avløp kr 5 173 302  
 Finansiering , nytt ubunde investeringsfond kr - 480 000  
 Finansiering, momskompensasjon veg og park kr - 677 000  
 Finansiering lånemidlar tatt opp tidlegare kr -4 018 302
  
- Krøllgrasbane i Hagabotnane:  
 Sum unyttta midlar pr. 31.12.16 kr 5 546 870  
 Finansiering , tilskot frå private kr - 100 000  
 Finansiering, nytt ubunde investeringsfond kr - 2 584 212  
 Finansiering, Sima – Samnanger fond kr - 1 752 158  
 Finansiering , momskompensasjon kr - 1 110 500

#### Kva saka gjeld:

Kommunen har to investeringsprosjekt som er starta opp i 2016 og der arbeidet vert avslutta i 2017. Begge prosjekta er budsjetterte i 2016. For å ha oversikt over restbudsjettet må unyttta midlar i 2016 overførast til budsjett 2017. Denne overføringa påverkar ikkje totalramma til prosjektet.

Overføring gjeld VVA og park på Bjørkheim, jfr KS vedtak 65/15 og 19/16:

Konto (T) (ansvar 1605)	Funksjon (T)	Rekneskap 2016	Rev.budsjett 2016	Budsjett overført til 2017
sum utgifter	Kommunale vegar, nyanlegg	4 390 574	6 906 250	2 515 676
sum utgifter	Park og uteområder	382 856	1 252 500	869 644
sum utgifter	Vatn - Bjørkheim	1 845 790	3 318 571	1 472 781
sum utgifter	Avløp Bjørkheim	6 093 798	6 411 000	317 202
<b>Sum utgifter</b>		<b>12 713 019</b>	<b>17 888 321</b>	<b>5 173 302</b>
Bruk av nytt ubunde inv.fond.	Park og uteområder	-300 000	-780 000	-480 000
Momskompensasjon	Kompensasjon inv.moms			-677 000
lån, tatt opp tidlegare	Interne fin.transaksjonar			-4 018 302
sum				0

Det er varsla om avvik på Bjørkheim og dette vil kome som eige sak i løpet av kort tid.

Overføringa gjeld krøllgrasbane i Hagabotnane jfr KS vedtak 65/15, 64/16 og Form vedtak 48/16.:

Konto (T) (ansvar 1500)	Funksjon (T)	Rekneskap 2016	Rev.budsjett	Budsjett overført til 2017
Sum utgifter	Idrettsanlegget	4 490 788	10 037 658	5 546 870

Tilskot frå private	Idrettsanlegget	0	-100 000	-100 000
Bruk av nytt ubunde inv.fond.	Idrettsanlegget	-3 615 788	-6 200 000	-2 584 212
Bruk av Sima - Samnanger fond*	Idrettsanlegget	0	-1 752 158	-1 752 158
Momskompensasjon	Kompensasjon inv.moms			-1 110 500
Sum				0

\*Bruk av Sima-Samnanger fond vil vera avhengig av at budsjettert tilbakeføring til fond i 2017 vert som planlagt. Det er i 2017 budsjettert med å betale tilbake kr 1,5 mill av det som tidlegare er lånt av fondet.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Hilde-Lill Våge	<b>Arkivkode:</b> FA-Q10
<b>Arkivsaksnr:</b> 17/391	<b>Løpenr:</b> 17/3035
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	16.03.2017	010/17	HLV

### ENDRING TIDSPLAN FOR FINANSIERING - RASSIKRING VEG TOTRÆNA

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Tidsplan for å gjennomføra tiltak for å rassikre og legge om Totrævegen vert endra til 2017. Midlar sett av i økonomiplanen 2017-18 på inntil 3,5 millionar vert finansiert med ubundne fondsmidlar i 2017.

---

**Dokument som ikkje er vedlagt:**

Søknad frå SK om dispensasjon for å rassikre og legge om nedre del av vegen til Totræna. SWECO-rapport datert 09.03.2016 om skredfare veg Totræna.

---

**Kva saka gjeld:** Endre tidsplan for finansiering til 2017 og gjennomføre rassikring av nedre del av vegen til Totræna i 2017.

**Bakgrunn for saka:** Avkøyring og nedste del av vegen til Totræna er rassfarleg, jf geolograpport datert 09.03.2016. Rapporten foreslår å legge om avkøyringa av vegen eller bygge heilt ny trase. Geologen har og vurdert alternative traseval i søknaden om dispensasjon datert 02.03.17. I økonomiplan 2017-2020 er rassikring av vegen omtala og kommunestyret vedtok å sette av 1 million kroner i 2017 og 2,5 millionar i 2018 til omlegging av vegen (KS-sak100/16). Tiltaket skulle finansierast med ubundne fond.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Teknisk drift har rapportert om fleire mindre ras og steinsprang den siste tida. Dei frykter at større ras vil komme, og at vegen vil verte stengt på kort varsel. Auka aktivitet i skianlegget har og ført til at vegen er meir i bruk en tidlegare. Ved store nedbørsmengder og ekstremnedbør er vegen svært rasutsett. Tiltaket bør derfor verte framskunda og ny trase bør verte teken i bruk snarast mogleg. Kommunen har fått avtale med grunneigar om å legge om vegen.

Det er krav om reguleringsplan for slike tiltak. Kommunen søker derfor om dispensasjon for framskunda tiltaket og finne ei snarleg rassikker løysing. Dispensasjonen ligg no til fylkesmannen til uttale (hasteuttale).

Teknisk drift har saman med grunneigar utarbeidd eitt forslag til trase (alt. 1). I samband med handsaming av dispensasjonen har teknisk forvaltning henta inn uttale frå geolog og utarbeidd eit alternativ 2, og ein kombinasjon av desse (alt 3). Alternativa er sendt til uttale til fylkesmannen som forslag til løysing. Anbod på valt trase vert henta så snart formelle krav er innfridd, og kommunen kan starte bygginga.

Den økonomiske ramma som er sett av til tiltaket er stipulert til å vera tilstrekkeleg, medan tidsplanen for finansieringa som er vedteken må framskundast. Tiltaket er finansiert med fondsmidlar i både 2017-18. Det let seg gjera å finansiera heile tiltaket i 2017 med ubundne fondsmidlar.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Hilde-Lill Våge	<b>Arkivkode:</b> FE-143
<b>Arkivsaksnr:</b> 15/867	<b>Løpenr:</b> 17/1915
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	23.02.2017	005/17	HLV
Kommunestyret	16.03.2017	011/17	HLV

### AVVIKLING AV STYRINGSGRUPPE FOR BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2017-20 AVSLUTNING AV PROSJEKTET - ØKONOMISK ANALYSE

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet økonomisk analyse vert avslutta og styringsgruppa for prosjektet vert avvikla.

#### 23.02.2017 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sette fram følgjande tilleggsframlegg:» Kommunestyret skal fortsette arbeide vidare med å få ein sunn økonomi, og det er ei målsetting å auka dei kommunale fonda.».

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg med tillegget. Det vart samrøystes vedteke.

#### FORM-005/17 VEDTAK:

Prosjektet økonomisk analyse vert avslutta og styringsgruppa for prosjektet vert avvikla.

Kommunestyret skal fortsette arbeide vidare med å få ein sunn økonomi, og det er ei målsetting å auka dei kommunale fonda.

#### Dokument som er vedlagt:

Økonomiplan 2017 - 2020 referat frå møta i styringsgruppa

#### Dokument som ikkje er vedlagt:

Budsjett og Økonomiplan 2017-20, div. referat frå møta i styringsgruppa.

---

**Kva saka gjeld:** Avslutning av prosjektet økonomisk analyse og avvikling av styringsgruppa for prosjektet.

**Bakgrunn for saka:**

Kommunestyret gjorde den 12.05.16, i sak 15/16 følgjande vedtak;

*«Økonomisk analyse for Samnanger kommune utarbeidd av Agenda Kaupang AS skal danne grunnlaget for arbeidet med budsjett og økonomiplan dei kommande åra. Arbeidet vert organisert som eit prosjekt der formannskapet er styringsgruppe og rådmannen prosjektleiar. Arbeidet vert gjennomført utan hjelp av ekstern konsulent. Det vert sett ned tre – fire administrative arbeidsgrupper det er føresett deltaking frå tilsette og der rådmannen v.sektorleiarane leiar arbeidet.*

*Førande for arbeidet er at kommunen skal ha ein sunn økonomi, der ein skal ha ei målsetting om eit netto driftsresultat på 2% i 2017, 6 MNOK i 2018, 8 MNOK i 2019 og 10 MNOK i 2020.*

*Styringsgruppe rapporterer til kommunestyret på kvart kommunestyremøte 2016. Fagforeiningar inkludert tillitsvalde skal vera med i prosessen.»*

Det var oppretta ei styringsgruppe for arbeidet der hovudtillitsvalt for Utdanningsforbundet deltok frå dei tillitsvalte.

Vedlagt ligg referat frå møta om kva som skulle verte utgreidd vidare.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Kommunestyret vedtok i økonomiplanen 2017-20, sak 100/16;

*«Eksisterande strukturløysingar for skule og barnehage skal forsetja som no, og arbeidet med alternativ strukturløysingar skal avsluttast. Konkrete forslag til innsparingar med meir optimal bruk av bygningsmassane skal presenterast for økonomistyringsgruppa.»*

Styringsgruppa hadde møte 26.01.17 der innsparingar for optimal bruk av bygningsmassen vart presentert. Slik vi ser det er det ikkje lenger grunnlag eller gjeve nytt mandat til styringsgruppa for kva den skal jobbe vidare med. Det vert difor føreslått å avslutte prosjektet og avvikle styringsgruppa.

Til møtet i styringsgruppa den 23.02.17 er det lagt opp til ein gjennomgang av sektorleiarane på kommunebarometeret og kva indikatorar som påviker resultat der.

Den 27.04.2017 skal formannskapet ha dialogmøte – *kvalitetsdialog*, ilag med rådmannsgruppa og einingsleiarane. Formannskapet bør i samband/etter denne gjennomgangen vurdere ulike arbeidsmåtar og korleis dei ønskjer jobbe med ulike tema, visjonar og målsettingar.



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Marianne Soleng	<b>Arkivkode:</b> FE-033, TI-&17
<b>Arkivsaksnr:</b> 15/863	<b>Løpenr:</b> 17/2789
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	16.03.2017	012/17	MS

### ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET I SAMNANGER KOMMUNE FOR 2016

**Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2016.

**Dokument som er vedlagt:**

Partsbrev med årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2016

Årsmelding 2016 for KUV Samnanger - endeleg versjon

---

**Kva saka gjeld:**

Sekretariatet for kontrollutvalet brukar eit anna sakshandsamarsystem enn Samnanger kommune. Sakspapira frå kontrollutvalet ligg derfor vedlagt.





## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Knut Harald Frøland	<b>Arkivkode:</b> FE-411
<b>Arkivsaksnr:</b> 16/1019	<b>Løpenr:</b> 17/1622
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Formannskapet	23.02.2017	003/17	KHFR
Kommunestyret	16.03.2017	013/17	KHFR

### KONSTITUERING I STILLING SOM RÅDMANN

#### **Ordføreren sitt framlegg til vedtak:**

Hilde-Lill Våge vert konstituert som rådmann i Samnanger kommune med verknad frå 01.03.2017 og fram til ny fast rådmann startar i stillinga.

Hilde-Lill Våge får same årsløn som noverande rådmann har pr. 28.02.2017. Dersom konstitueringa varer lenger enn til 01.05.2017, vil ho òg ha rett til å få løna vurdert pr. 01.05.2017, jf. reglar i Hovudtariffavtalen, kapitel 3, § 3.4.

Konstituert rådmann utpeikar sjølv kven som skal vera hennar stadfortredar i konstitueringsperioden. Stadfortredar må vera ein av sektorleiarane.

#### **23.02.2017 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Ass.rådmann Våge gjekk ifrå under handsaming av saka, jf. FLV § Tiltrådinga vart samrøystes vedteke.

#### **FORM-003/17 VEDTAK:**

Hilde-Lill Våge vert konstituert som rådmann i Samnanger kommune med verknad frå 01.03.2017 og fram til ny fast rådmann startar i stillinga.

Hilde-Lill Våge får same årsløn som noverande rådmann har pr. 28.02.2017. Dersom konstitueringa varer lenger enn til 01.05.2017, vil ho òg ha rett til å få løna vurdert pr. 01.05.2017, jf. reglar i Hovudtariffavtalen, kapittel 3, § 3.4.

Konstituert rådmann utpeikar sjølv kven som skal vera hennar stadfortredar i konstitueringsperioden. Stadfortredar må vera ein av sektorleiarane.

---

### **Dokument som ikkje er vedlagt:**

Hovudtariffavtalen for kommunal sektor

---

### **Kva saka gjeld:**

Tone Ramsli sluttar som rådmann i Samnanger frå og med 01.03.2017. Ny fast rådmann vil truleg ikkje vera på plass før etter sommarferien 2017. Det er derfor behov for ein konstituert (mellombels tilsett) rådmann i perioden frå 01.03.2017 og fram til ny fast rådmann startar i stillinga. Det går fram av kommunelova at kommunen skal ha ein rådmann (administrasjonssjef).

Reglar om konstituering står i Hovudtariffavtalen (HTA) kapittel 1, § 13.4:

*Ved konstituering (midlertidig tilsetjing) i høgere lønnet stilling utbetales fra første tjenestedag slik lønn som vedkommende ville fått ved opprykk til stillingen.*

*Når det er på det rene at en stilling vil bli stående ledig ut over 1 måned pga. sykdom, permisjon e.l., foretas som hovedregel konstituering i stillingen.*

Kommuneadministrasjonen v/sekterleiar organisasjon har vore i kontakt med KS Medlemsservice/KS Forhandling for å få avklart nokre formelle forhold vedrørende konstituering. Gjennom denne kontakten har følgjande blitt avklart:

- Ved konstituering skal den høgare stillinga si løn utbetalast frå første tenestedag.
- Regelen i andre avsnitt i HTA kapittel 1, § 13.4 er ein ordensregel som regulerer i kva tilfelle det skal foretakast konstituering. Regelen er ikkje å forstå slik at det skal gå ein måned frå ei stilling blir ledig til det blir føreteke konstituering, eller at det er ei "karenstid" på ein måned før den som blir konstituert skal få den høgare stillinga si løn.
- Det er ikkje automatikk i at den som blir konstituert i ei stilling skal få same løn som den tidlegare/faste stillingsinnehavaren. Det må gjerast ei vurdering av kva løn den personen som blir konstituert ville fått ved fast tilsetjing i stillinga.
- Ei konstituering er formelt sett ei mellombels tilsetjing. Når arbeidsgjevar gjer vedtak om konstituering (mellombels tilsetjing), kan den aktuelle tilsette velja om han/ho vil ta imot tilbodet om konstituering eller ikkje.

Rådmannen si årsløn er i dag 868.100 kroner, medan assisterande rådmann si årsløn er 751.200 kroner.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Det vil vera naturleg at assisterande rådmann Hilde-Lill Våge vert konstituert som rådmann i Samnanger med verknad frå 01.03.2017. Ho er i dag stadfortredar for rådmannen, og har vore det i mange år. Ho har òg vore konstituert som rådmann i ein periode tidlegare (hausten 2010).

Ved konstituering vil truleg dei fleste tilsette ha forventningar om same løn som den tidlegare/faste stilingsinnehavaren. Ved konstituering av Hilde-Lill Våge vil det i denne samanhengen vera eit moment at oppgåvene/ansvaret som rådmann vil koma i tillegg til hennar noverande oppgåver og ansvar som assisterande rådmann/sectorleiar samfunn og utvikling. Det er ikkje disponible midlar til å ta inn ekstrahjelp ved rådmannskontoret i perioden fram til ny fast rådmann er på plass.

Etter § 22.1 i kommunelova er det kommunestyret sjølv som skal tilsetja rådmann (administrasjonssjef). I boka "Kommentarer til kommuneloven" (Bernt og Overå/ Kommuneforlaget 2011) er det på side 184 vist til forarbeida til landkommunelova av 1938, der det står at "*kommunestyret kan bemyndige formannskapet til å konstituere stedfortreder for administrasjonssjefen, under hans/hennes sykdom (når sykdommen antas å bli av kortere varighet) og i andre lignende tilfeller*". Bernt og Overå skriv at "*dette må antas å gjelde fortsatt*". I Samnanger kommune sitt delegeringsreglement står det ikkje noko om delegering av fullmakt til konstituering av rådmann. Formannskapet bør diskutera/avklara om saka om konstituering av rådmann må leggjast fram for kommunestyret, eller om formannskapet kan gjera vedtak om konstituering.

Det bør utpeikast ein stadfortredar for den konstituerte rådmannen. Mynde til å utpeika stadfortredar bør liggja til den konstituerte rådmannen, men stadfortredar må vera ein av sectorleiarane.

